

**Uskedelingar fekk sølvтина**

07.05.2013

**Anne Marit Myhre og Hans Reidar Kjærland har fått heidersteiknet sølvтина for leveranse av elitemjølki 15 år på rad. Dette året fekk 5 produsentar i Kvinnherad denne utmerkinga og dei andre var Aslaug og Oddvar Netland på Hatlestrand, Kjellfrid Sekse og Otto Auran på Hatlestrand, Torunn Marie og Sæbjørn Lønning i Ølve og Grethe og Hans Jakob Berge i Ølve.**

Sølvтина vart overrekt under årsmøtet i Tine. Dette er den høgste utmerkinga for høg mjølke kvalitet her i landet og eit resultat av eit langsiktig og målretta arbeid frå bøndene si side og frå rådgjevarkorpset til Tine. God drift og høg fagleg dugleik ligg til grunn.